

Ode til Notaplassen og Hamnelaget

Du Notaplass, du Notaplass, ditt namn det syng i minne.

Frå vi var små til dagsens dag, vi gøymer deg der inne.

Ditt namn det har historisk klang

frå ættledar attende.

Men ingen har vel skrive sang

om deg og ditt – kan hende.

Før bømte dei og barka sine garn og nøter her,
dei hardbalne forfedrane som hadde sjøen kjær.

For vegna måtte vølast når sesongen var forbi,
det var eit slit, det var eit strev og mang ei tungsam ri.

Men dugnadsånda den var sterk, samhaldet likeså.

Dei jamna grunn med spett og hakke, slo alt gras med ljà.

Og berg og bakkar vart til voll og leiken voks og voks,
no var det fotball som var inn, og ikkje "slå på boks".

På Notaplassen leika vi frå vi var ganske små,
men ekte, medfødd balltalent var sjeldan vi fekk sjå.

Han Bulen uti bakkane var den største, heilt enorm!

Så han vart fort kapteinen vår på fotballaget Storm.

Og like visst som tjeld og stare kom splinten hit kvar vår.

Dei kom med hest og kjerre, og dei kom med telt og skrål.

Og splintekongen Rosenberg var sjefen, huttetu!

Vi ungane vi bisna fælt: Er dei farlege skal tru?

Men størst av alt var tevlinga i idrett kvart eit år.

Frå alle skular kom dei hit til Notaplassen vår.

Her hoppa vi, vi kasta ball, her sprang vi og stafett,

Og Høystøyl, Nygard og han Thue såg til at alt vart rett.

Kvar 17. mai var det kamp, det gjekk med liv og lyst.

Som saueflokk sprang alle rundt for å snappe ballen fyst.

Og skorne det var beksaum, gut, med jernbeslåtte tå,
så leggbein rauk som oftast av, om du blei sparka på.

Han Breivik-Johan var ein av dei, uheldig med eit tramp,

som like før sitt bryllaup, og i beinhard fotballkamp,

fekk høgre leggen sparka av, men takk og pris for hell:
Hans kjære Alvhild visste råd, så det vart bryllup lell.

Så skjer det noko rart ein dag på Notaplassen vår:
Ein gut dreg opp frå lomma si ein kortstokk, der vi står.
Men kortspel det var syndig, ja, det visste alle mann.
Då kraup vi bak ein klungerbusk, og spelte kort i skam.

Det er no berre spel, sa vi, så ikkje ver så sur.
Men då slo sterke mødre til: Nei, det er ukultur!
Kva trur de om han Thue eller Tollås kjem og ser,
at de ligg der bak klungeren og spelar Svarte Per!

Ja, du Notaplass, du Notaplass, her opplevde vi så mangt.
Det verste var når ballen ut i stor-elva forsvant.
Han var så kjær, han var så dyr, ja endåtil av skinn,
vi våga nesten livet for å redde ballen inn.

Men naboen på sida hata fotballspelet, farr.
Han var kje`til å spøkje med, ein harding til ein kar.
Viss ballen tok ein snartur over gjerdet til hans bø,
då vart det månelyst ei stund, då fekk vi skikk`leg blø.

Når veka gjekk mot slutten og helga stunda til,
trakk ungdom ut i Vikja, til dans og anna dill.
Men vi som elska fotballen og Notaplassen vår,
vi droppa heller dansen, i sommarkvelden klår.

Men tida renn som elv mot os, og gutar blir til menn.
Og snart har dei familie, men kva manglar dei, min venn?
Ein båt, så klart, ein båt som ligg ved sjøen, fiskeklar,
for mor har alltid lita tid, og det har også far.

Det tente Krike-karane og Bentsen-Rolfen på.
-Her må vi noke gjere, ikkje berre stå og sjå!
Vi tek og lagar hamn, så klart, med molo attpåtil.
Dei sende ut innbyding: Kom og bli med den som vil!

Dei kastar blikk på Notaplassen, ingen nøter er å sjå.
Dei gamle barkekara er for lengst blitt fjerna nå.
Men unge fotballsparkarar, har dei og reist sin veg?
Dei har visst det, så rart å sjå kor ting kan endre seg!

Og gravarane dei tek fatt, dei grev i vilden sky.
Og holet veks frå dag til dag, vert hamn, ei stor og ny,

for jollar og for seglbåtar, for speedbåtar og for pram,
og utstikkarar fungerer som ein solid stovetram.

Ja du, min kjære Notaplass, du minnerike stad,
eg hugsar deg frå unge år, du gjorde meg så glad.
Her leika vi, her kjempa vi, her batt vi vennskapsband,
men no er ballen bytta ut med snøre og med stang.

Vi takkar her for kløkt og klokskap, gründerånd med stil.
Ein Notaplass er borte, ikkje død, har fått nytt liv!
Og krona oppå verket, prakfullt klubbhus, ja min sann,
kom sjå det, kjære kone, kom bruk det, gode mann.

Siggerud 10.12.2015

Rudolf Vik